

# *Program*

*for*

# **Komedia-teatret**

**DET INTIME TEATER  
BERGEN**

*Sesongen 1944–45.*


## *Jordi kallar*

Heim og ætt det er dei ord  
som gjennom „Jordi Kallar“  
Det er Noreg og vår jord  
„I kveld i våre Hallar.“

Heim og ætt er von og tru  
me med vyrdnad nemner  
Heim og ætt er eg og du  
Det heile folket femner

Heim og ætt de ser ikveld  
på dykk frå sena kallar  
Logar som ein åre-eld  
gjenom „Jordi Kallar.“

*Einar Tveito  
F. t. Komedie-teatret*



Einar Tveito



Lars Nygard

# Jordi källar

Skodespel i tre akter av: **Hans Bergo**

Tilrettelagt for Komedia av: **Lars Nygard**

Sett i scene av: **Einar Tveito**

Dekorasjoner av: **Pedro E. Fure**

## PERSONAR:


Råmund Hølvín, Vilkårsmann .....	Lars Nygard
Botolv, sonen hans .....	Lars Gåsdal
Åmund, sonesonen på garden .....	Harry Lund
Gunhild, kona til Botolv .....	Guðrun Møklebust
Gaute, dreng på garden .....	Alv Hordnes
Símon Kastevík, lensmann .....	Johan Øvretveit
Torunn, dotter hans .....	Ragna Søiland
Lyse, Banksjef .....	Severin Bergesen

Hendingi gjeng for seg i vilkårsstova til Råmund.

## MUSIKKEN:

1. akt: Huldrejentas lokketonar av *Torkjell Haugerud*
2. " Forspill
3. " Fanitullen av *Johan Halvorsen*


Musikken arrangert av **Erling Wangsvik**.



Ragna Søiland  
2. debut



Pedro E. Fure



Hans Bergo

## Hans Bergo

forfattaren av „Jordi kallar“, er fødd i Ulvik i Hardanger 9/8 1907 på fjellgarden Bergo. Alt tidleg vakna interessa for litteraturen hjå han, og han var heller ikkje so gamal karen då han tok til å skriva. Opp gjennom åri har han skrive mykje i avisene, men han gav seg ikkje med det. Han hadde noko meir på hjarta, noko han tykte han måtte ha sagt, og då fann han at den dramatiske formi var den beste. „Jordi kallar“ er det første arbeidet hans som kjem fram på sena, men etter det me har hørt, har han stykke liggjande inne på andre teater og.

Teaterstyrer Nygard fortel

at han med ein gong vart opp-

glødd for stykket. Han skyna at denne forfattaren hadde både givnad og „noko å fara med“, og han gav alle dei råd og rett-leidinger han som røynd senemann kunde for utformingi av stykket.

„Jordi kallar“ er meint som ein oppsong til ungdomen og jordi. Dei unge må attende til jordi. Det må skapast vyrdnad for garden og kjærleik til arven og ætti.

Dette debutarbeidet gjev oss grunn til å stilla store voner til den energiske og arbeidsame forfattaren. Han har noko å gjeva. Og han har evna til å gjeva det ei levande og dramatisk form.

**TORKILDSENS**  
Prisesalon & Cafe

Kafeen i Smørsgården  
Strandkaien 16  
Underholdningsmusikk

## COMP. NORDEN A

Entreprenør & Ingeniørforretning

Bergen, Strandgt. 15 3. etg.  
(Gjessinggården Børs Kafé)

TELEFON KONTORET 17875

FUNDAMENTER — VEG — KAIANLEGG